

# HYRDINGEN

NR. 6

Desember 2018

ÅRGANG 60

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



*God jul!*

Biskopen si julehelsing	2	Speidargudsteneste	6	Den nye soknepresten	10
Redaksjonspennen	3	Speidararbeidet i Skjold	6	Endeleg søndag	11
Min song	3	Borna laga over 200 teikningar	7	Ny sokneprest i Vikedal	12
Konfirmant-jubileum	4	Speidarane laga Globalkafé	7	Frå kyrkjeboka	14
Årets Vikebuar	4	Jon prest takkar av	8	Gudstenester	14
«NON-STOP» 12-festival	5	Fest for sokneprest i Skjold	9	Møte og arrangement	15
				Basar på Kyrkjjetunet	16



## Biskopen si julehelsing

Av Anne Lise Ådnøy, konstituert biskop



## Jula 2018

### Skal du gå i kyrkja i år?

Gudstenesta på julafatn utfordrar oss til å la sjela kvila i det som faktisk er: både det me gler oss over og det som ikkje vart slik me hadde tenkt. Midt i vår milde, våte vinter finst det ein torste: torsten etter å kjenna seg godteken og elskar. Ta imot juleevangeliet: Gud elskar deg! Jesus er det språket Gud brukar for å fortelja oss det.

Juleevangeliet gjev næring til mange spørsmål og stor undring. Evangeliet gjev meir jo ærlegare me nærmar oss. Sanninga er at ein fødsel alltid er eit under. Når me feirar Jesu fødsel får me hjelp til å sjå at kvart menneskeliv er ei gâve. Gjennom ditt liv kan

God og velsigna jull!



Juleteikning av:  
Kristoffer Olsen, 7. klasse,  
Vik skule.

## Redaksjons-PENNEN

Av Steinar Skartland



**HYRDINGEN:**  
Ansvarleg: Steinar Skartland  
Tlf. 908 73 170  
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3240.11.17937 og  
VIPPS nr 53 14 72  
Adr. Skjold kyrkje  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

**SOKNEPRESTANE:**  
**Soknepresten i Ølen**  
Kari Vik Stuhaug  
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen  
Tlf 53 65 41 / 472 53 529  
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no  
Kontordid: Etter avtale  
**Soknepresten i Skjold**  
Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
Tlf. 53 65 57 94 / Mobil: 905 23 560  
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no  
**Soknepresten i Vikedal**  
Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,  
Kyrkevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal  
Mobil 413 25 280  
harald.eintveit@vindafjord.kommune.no  
Kontordid: Tor 9-15  
Mandag er prestane sin fridag.

**Kateket Britt Karstensen**  
Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80  
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

**Organistar:**  
Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

**Haugaland prosti:**  
P.b. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal  
Mobil 918 34 019  
Prostiprest Sigfred Sørensen:  
Mobil: 488 90 359


**Kyrkjeverja i Vindafjord:**  
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93  
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Tove Standal Vaka  
Tlf. 53 65 57 96

**Soknerådsleiarar:**  
Skjold og Vikebygd:  
Brit Nelly Ness Tveit  
Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes  
Sandeid: Tore Tokheim  
Vikedal: Andreas Andreassen  
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vats: Grete Skeie Sørhus

## MIN SONG

Av Jørgen Landa



Sangen som vart min, finn me i Sangboken nr 71.

**En underfull Frelser jeg eier,  
Men lenge forsto jeg det ei.  
Nå synger jeg glad om hans seier  
At alle må se ham som jeg.**

**Kor: Alle, alle må se,  
Alle, alle må se,  
Den herlige Frelser jeg eier,  
Må alle, alle Ham se.**

**Den skjønneste er han av alle,  
Guds herlighets bilde på jord,  
Og dog vil sin broder han kalle  
Meg fattige synder som tror.**

mange motstandarar, var ordet eg fekk då eg stod på dørstokken til lærarskulen i 1960.

Då var retninga lagt, og eg hadde fått med meg både nye venner og ei kone som følgde meg trufast sidan. Ho reiste i førevegen heim til himmelen for nokre månader sidan.

Saman med gåva fekk eg oppgåva – alle alle skal se – den herlige Frelser jeg eier – må alle, alle Ham se!

Dei to siste versa lyder så:

**Når Satan meg veien vil sperre  
og spenner sitt snedige garn  
Jeg vet at jeg eier en Herren  
som redder sitt kjempende barn**

**Mitt liv og min kjærighet gir jeg  
til Ham som har elsket meg først  
Av alle Guds undere blir meg  
Hans kjærlighets under dog størst!**

Sangen er skriven av Carrie Breck 1855-1934- sangforfattar frå Amerika – omsett til norsk av Hans Mollerup i 1905 – dansk prest.



Amelie Ciechanowska, 11 år, Bjoa.

# Konfirmant-jubileum Bjoa og Ølen

Av Leiv Karsten Medhaug

**30.09.18 var 50-årskonfirman-  
tane i Bjoa og Ølen og 60-årskom-  
firmantar i Ølen inviterte til guds-  
teneste og samvær etter gudste-  
nesta.**



Rad ein frå venstre: Hans Erik Eikeland, Geir Lunde, Dag Jørgen Næraa. Rad to frå venstre: Hildegunn Haugland Larsen, Margunn Karin Aarekol Heggebø, Gunnlaug Miljeteig (Bjoa), Mary Søndenå Selland, Eirin Hauge Matre (Bjoa), Reidun Hundhammer Langeland, Åse Marie Veim Falkeid, Lars Arne Lien (Bjoa), Aud Signy Matre Berge, Lars Eikehaugen (Bjoa), Solveig Johanne Halleraker Frøyland, Odd Magnar Frønsdal, Karin Hovland, Tove Sofie Svendsbø Fivelstad, Anders Eide, Torleiv Haugland, Mary Søndenå Selland, Henning Malvin Arnfinsen.



Frå venstre: Astrid Therese Haugland Hamre, Kjellaug Oddny Hvidsten Bernhardsen, Solveig Berge.



Inger Kathrine Sundve og Ola Harald Alne.

Aud Jorunn Tordal ga denne grunngjevinga:

-I år går prisen til ei gruppe som jobbar og står på, for at ungane våre skal bli glad i naturen, sjølvstendige og ansvarsfulle medmenneske. Dei gir ungane våre opplevingar for livet, leir, fjelltur, bål, kanoturar og naturoppferingar. Dei skaper vennskap, fellesskap og samhald blant undomane og ungane i bygda. Dei brukar mykje av fritida si på å gi speidara- ne flotte opplevingar gjennom heile året, og brukar av ferien sin for å reisa på leir år etter år. "Årets Vikebu

2018" går til Speidaleiarane.

To av dei, Inger Kathrine Sundve

og Ola Harald Alne, tok imot prisen på scenen.

# «NON-STOP» 12-festival

Av Britt Karstensen, kateket

I mai 1968 var det 32 konfirmantar i Ølen og 12 på Bjoa. 21 av desse kunne møte denne søndagen. Det var sokneprest Meling som konfirmerde desse.

I 1958 var det 21 konfirmantar i Ølen. Tre av desse kunne vera med å

jubilera denne søndagen. Konfirmantpresten deira var sokneprest Våge.

Under gudsteneste var jubilantane presenterte. Dagen var avslutta med middag og god drø rundt minne frå ungdommens dagar og fram til i dag.

timar med både hoppeaktivitetar og

4 Stage-samlingar med lokale musikkar, film og skodespel, forteljingar, andaktar og konkurransar. Me fekk verkeleg utfordra hoppe-musklane våre i tre lange økter på dei mange hoppeslotta. I gangen var det ansiktskunst og kiosk, og oppe på loftet hadde me spelrom + eit eige stillerom med matter og puter for dei som trengte ein liten pause. Utpå kvelden var ein gjeng ute i Tarzanløypa og



leikte i mørkret – spennande og kjekt på ein fin og lun novemberkveld.

Sokneråda i Sandeid, Vikedal og Imsland stilte opp med særdeles god mat (teamet frå Skjærgårds som var på besøk hadde visst aldri opplevd makan). Stor takk også til alle de andre som stilte opp og hjalp med ulike ting i løpet av dagen slik at me fekk prøvd ut dette spennande konseptet i Vindafjord i haust!



Twister-spel med sprett.



Konfirmantar tilbaud ansiktsmalning.



Sokneråda hadde ansvar for måltida.



Fotballkamp på luftmadrass.



Irene Sørhus, 3. klasse, Skjold.



Lyder Thorsen, 2.kl. Vågen skule

# Speidarieiarane vart Årets Vikeuar

Av Steinar Skartland

**Laget Vikebuen kårar åreleg: Å-  
rets Vikebu. Prisen blir delt ut på  
julemassa i november. I år var det  
speidarieiarane i Vikebygd som  
fekk heidersprisen for sitt arbeid  
for born og ungdom.**

Aud Jorunn Tordal ga denne grunngjevinga:

-I år går prisen til ei gruppe som jobbar og står på, for at ungane våre skal bli glad i naturen, sjølvstendige og ansvarsfulle medmenneske. Dei gir ungane våre opplevingar for livet, leir, fjelltur, bål, kanoturar og naturoppferingar. Dei skaper vennskap, fellesskap og samhald blant undomane og ungane i bygda. Dei brukar mykje av fritida si på å gi speidara- ne flotte opplevingar gjennom heile året, og brukar av ferien sin for å reisa på leir år etter år. "Årets Vikebu



## Speidargudsteneste i Skjold Kyrkje

Av Hanne H. Brekke

Det var godt oppmøte med omlag 40 speidarar i kyrkja. Speidarane gjekk inn i prosesjon saman med

dåpsfylget denne føremiddagen. Jon Ådnøy heldt preike over historia om Peter som gjekk på vatnet saman med Jesus. Speidarane sat som lys medan presten avslutta med å sei at

"Når vi skjelv i knea kan vi alle ropa på Jesus. Han hører alle. Alltid."

Etterpå vart det fotografering og kyrkjekaffi. Det kom inn over 5000 i kyrkeoffer til speidararbeidet.

## Flinke speidarar i Skjold

Av Birte Barane

**Torsdag er det speidardag i Skjold. Då er det stor aktivitet i gruppa som no tel 86 aktive medlemmer.**

Kvar torsdag er det speidar for vandrarane, dei er i aldersgruppa 5.-10. klasse. No har me 5 patruljer, 2 med gutar og 3 med jenter og det er kring 40 møtande kvar gong. Me som er

leiarar må skyte over desse ungdomane, dei er utruleg kjekke å vera saman med. Særleg imponert er me

av patruljeførar og assistentane som leiar patrulja si på møtene. Dei lagar program til møter som varer 1,5 time. No i haust har me hatt speidaropptak i Likvik. Denne kvelden var føresette også med oss. Me hadde speidargudsteneste søndagen, det vart eit par travle speidardagar. Men tydeleg viser oppmøtet at speiding er populært.

Familiespeiding er den nyaste greina. Dette tilbodet vart starta tidleg i haust. Dei har møter 4 søndagar i haust. Her er mange småbarnsfamiliar med, både frå Skjold, Vikebygd og Vats. Flott at me har fått enda ei arbeidsgrein i speidaren.

Dette kan vera aktivitetar der dei tek merker, ulike tema ute, bål, mat, surring og liknande. Aktivetsnivået er høgt.

Nokre møter har me troppsmøte,



Kok og steik over open varme



Bak: Harald Grunnaleite, Kristoffer Grunnaleite, Lars Langeland.  
Framme: Eline Sørhus og Anne Berit Dagsland (familiespeidaren)


## Borna laga over 200 teikningar

Av Steinar Skartland

Vi har ein tradisjon i kyrkjebladet Hyrdingen. Til adventsnummeret inviterer vi skuleborna til å teikna noko av juleevangeliet. Temaet i år var vismennene som følgde stjerna, fann Jesus-barnet i Betlehem og bar fram gåver: gull, røykjelse og myrra (Matteus 2, 9-11).

Alle barneskulan i Vindafjord ville delta og det kom inn over 200 teikningar! Litt av ein jobb å gå gjennom og sortera i desse, men redaksjonen valde ut 9 av dei beste som både hadde fokus på elementa i oppgåva og hadde laga flotte illustrasjonar. Det er plukka ut 1 teikning frå kvar skule og desse er plassert fleire stader i dette bladet. Vinnaren vart: Mikkel Tvedt-Steinstø som går i 2. klasse på Ølen skule. I tillegg til å få teikninga på trykk, vankar det teiknesaker som premie.

Tusen takk til alle som deltok og til lærarane som la til rette for oppgåva på skulan.



Vinner av teiknkonkurransen: Mikkel Tvedt-Steinstø - Ølen - 2. klasse.



## Speidarane laga Globalkafé på bedehuset

Av Steinar Skartland

Ein onsdag midt i november gjekk småspeidarane i Vikebygd rundt i bygda med bøsser. Heile 14.000 kroner samla dei inn på nokre små timer til Globalaksjonen, som i år hadde fokus på fattigdom i verda, og då spesielt i Sør-Sudan. Inne på bedehuset var andre i gong med å laga til kafé med kaker, saft og kaffi.

Det var KFUK-M speidarane sin årlege aksjon. I Vikebygd er mange av born og unge med i speidararbeidet og på ein slik dag kom både familiemedlemmer og andre bygdefolk til kafé på bedehuset. Flott tiltak av speidarane i bygda som kunne senda av garde pengar både frå kontantar og VIPPS til hjelp for andre som ikkje har så mykje som vi har.



Travelt i køen for kaker og kaffi.

# Jon prest takkar av

Av Gunnar Listog

**Jon prest gler seg til desember.** Ikkje berre fordi det snart er jul, men like mykje fordi då ventar førejulsdagar og julehelg med berre fritid. Det vert ei heilt ny erfaring. Men Jon skal ikkje liggje på sofaen. Fyrst vert det fjorten dagar åleineferie i Chile. Han har aldri før vore i Latin-Amerika, så han storgler seg til alle bussturane han skal ha mellom Andesfjella og Stillehavet.

Og som ikkje det var nok, så skal han og familien feire jul på hytta på Hovden. Det har dei heller aldri gjort før. – Fortente desemberfri-dagar for ein folkekjær prest som alltid har stått på i hundreogfemti i julemånen.

## Bygdenær og urban

Jon fortel at som gut vart han spesialist på å vera ny elev i klassa. Han er fødd i Oslo, men han var berre to år gammal då familien flytta til Årdal i Ryfylke. Her vokste han opp i ei tid før straumen tende ljospærene og med utedo 40 – 50 meter unna våningshuset. Det kunne by på visse utfordringar, særleg nattetid.

Frå han var 6 til han var 8 år budde familien i Minneapolis i USA, så var det eitt år att i Årdal og så eitt år i Fana utanfor Bergen før familien «landa» i Oslo. Jon var hovudstadsborgar i heile 17 år, heilt til han var ferdig utdanna prest. Men før det, straks etter muntleg eksamen på gymnasiet, la han Oslo-målet heilt til sides. Frå då av nyttja Jon kun Ryfylkedaialekt. Alt då var han klar for prestejobben i bygde-Noreg.

## Å sjå og bli sett

Det tidlegaste barndomsminnet Jon har, er frå Årdal: Ein tidleg sommarmorgen med sol frå aust, kom bondkona Kristine kledd raudt skaut på hovudet og med stav i handa drivande på kyrne. Då ho forbi huset, såg ho Jon i vindaugeit i andre etasje. Kristine smilte opp til Jon, og han smilte attende. Ho hadde sett han. Han var sett.

Dette minnet om eit kjært menneske har spikra seg fast. Å bli sett er eit grunnleggjande behov hjå oss alle.

Jon fortel at han blir lukkeleg når han får kontakt: med eit lite dåpsbarn, dåpsforeldre, ein konfirmant,



Jon Ådnøy, avtroppeende sokneprest.

sørgjande i gravferd, menneske i ulike livsfasar. Fyrst då kan han stille spørsmålet: Korleis kan eg nå dykk på ein relevant måte?

## Prest og journalist

Jon Ådnøy har arbeidd både som prest og journalist. Presteutdanninga tok han ved Universitetet i Oslo, journalistkompetansen fekk han det året han gjekk medialinja på Rønningen folkehøgskule.

Presteteneste har Jon hatt både på Kinn i Florø kommune, på Torvastad/Utsira og ved sjømannskyrkja i Tyrkia. Som journalist har han vore i Haugesunds Avis, men òg i Firdaposten og i NRK Sogn og Fjordane.

«Eg er journalist når eg preikar,» seier Jon. Og det har me som har

site i benkeradene merka. Dei mange inngangane til stoffet via faktaboks, ingress, biletet skal berøre.

Guds Ord skal berøre.

Som journalist er Jon oppteken av formidling slik at kvar einskild kan skjøna. Då må ein kjenna mottakaren. Jon fortel at han ofte nyttar seg sjølv som fiktiv mottakar.

Men frekvensen finn ein ikkje ved skrivebordet. Den må justerast der og då.

## Håndfast tru

Jon valde universitetet i Oslo som utdanningsinstitusjon for her var teologien mest nøktern og faktaorientert. «Eg trong det håndfaste,» seier Jon. Fakta gav tryggleik. Han nemner m.a. forelesingane av Edwin Larson: «Hur Det nye Testamentet blev til». Fakta gav ei håndfast tru som tolde at folk hogg laus.

«Evangeliet gjeld ikkje ei smal stripe av livet. Det er sjølve livet,» seier Jon.

## Rike år

Jon har trivest med å vera prest i bygdene her. Han lika at bygdene var livskraftige, og at nynorsk var språket. Når han ser attende, framhevar han arbeidet med trusopplæring som ekstra kjekt: dåpssamtaler i heimane, arbeid med 4-årsboka, konfirmantarbeidet, Lys Vaken, 5. klasseleir mm.

Jon har opplevd at kyrkja har ein tydeleg plass blant folket. «Men dei som lærde Bibelsoga tek til å bli gamle,» seier han. «Nye generasjoner må kunna bibelforteljingane og finna poenga! Det får bli ei utfordring for arbeidet vidare..»

Takk til Jon Ådnøy for det du sådde dei åra du var prest i bygdene

her i Vindafjord.

Lykke til som vikarprest på Torvastad frå januar til mai!

Så gler me oss over at du til sommaren kan realisere nokre draumar: gå Noreg på tvers, ligge fleire netter ute, brenne fleire bål, padle kajakk.

# Glimrande veksling mellom Jon og Kristian!

Av Gunnar Listog

**Søndag 25. november gjorde Jon Ådnøy og Kristian Kyllingstad ei glimrande veksling i Skjold kyrkje. Etappa til «gamlepresten», som byrja i august 2012, må ha kostat tid, krefter og sveitte. Likevel var Jon i strålande form etter målpasering og klar til nye utfordringar.**

**Og Kristian, som skal ut på neste etappe, fekk ein pangstart. Rikeleg med tilskodarar var det òg. Dei både heia, song og tala. Det seiest at det høyrer til det sjeldne i norsk kyrkjeliv at avtroppende og påtroppende prest vekslar på same tid, men her fekk ein det altså til!**

## Høgtideleg gudsteneste

Innleiingsvis ynskte Olav Velde kyrkjelydane velkomme, soknerådsleiar i Skjold, Brit Nelly Tveit las innsetningsbrevet frå fung. biskop Anne Lise Ådnøy før prost Rune Steensnæs Engedal heldt si helsing: «Det som er spanande men òg utfordrande for ein prest», sa han, «er møtet med ulike menneske på forskjellige stadier av livet. Jon har gjort ei god og solid etappe. Liksom Jon er også Kristian opptatt av å møte menneske. Oppdraget til Kristian vert å dele vidare det Jesus har gjeve han.»

Jon snakka mest til dei vaksne denne søndagen, og han snakka mest om tru. «Når Kristian om 35 år blir pensjonist, vil det framleis vera folk i bygdene her som har tru, som døyper borna sine, brukar nattverden, ber? Evangeliet er sterkare enn det djupaste mørke. Trua kjem av bodskapen me høyrer.»

## Godord og gåvedryss

Etter kyrkjakaffien var det mange



Kristian Kyllingstad og Jon Ådnøy.

som ville seia noko: takka Jon, ynskja Kristian velkommen.

Kristian fekk ein dråpevase som velkomstgåve av prosten, Jon fekk eit gåvekort. Så karakteriserte prosten Jon: allsidig, med stor kunnskap om historie, kultur, lokal og global kunnskap, raus til å dele, god samtalpartner.

Av kyrkjeverje Inghart Lasse Tveit fekk Jon kart over Fitjar-øyriket, og av ordførar Vierdal vanka det blomar. «Du er ein folkeprest, du ser kvar einskild, du er nyskapande,» var ord Jon fekk med seg.

Det vanka mange godord til Jon denne søndagen. Ekstra personleg var den fine helsinga frå pensjonert prest Jostein Vestbø. Og så var godorda og gåvene frå sokneråda spennstige: Både ei flott biletbok frå tida her og ei hengjekøye var noko den trygge og omgjengelege «gamlepresten» tydeleg sette pris på.

Gudstenesta og samlinga etterpå vart ramma inn med utruleg flott song og musikk av «kyrkje-bandet»


Tusen takk Jon!  
Velkommen Kristian!



Hengekøye i avskilsgåve.



Prost Rune S. Engedal leia forbøn for Kristian Kyllingstad.



Marispankake med takk.

## Den nye soknepresten

Av Trygve Sandvik

**Kristian Kyllingstad er namnet den nye soknepresten i Skjold, Vikebygd og Vats. Han er opphavleg frå Vågsbygd i Kristiansand og er 37 år. Kristian kjem frå stillinga som kapellan i Barbu menighet i Arendal der han var tilsett i 2 år. Tidlegare jobba han som sjømannsprest i Houston (USA) i 3 år, og før den tid var han prest i Bodø.**

I eit telefonintervju Hyrdingen hadde med Kristian om den nye stillinga fortel han at han har kjøpt seg hus i Grinde og flytta dit med familien sin sist månad. Han tok til i jobben 19. november.

**Kvifor søkte du på denne stillinga?**  
-Eg er kjent i området. Kona mi har



har ofte vore på besøk hjå dei i feirar. Det var ønskjeleg å koma nærmare familien til kona, og dette var nok medverkande til at eg såg meg om etter eit prestekall i det området, seier han.

*Kva forventningar har du til denne jobben?*

Det er eit spørsmål som det ikkje er så lett å svara på på så kort varsel. Men Kristian gler seg til å verta kjent med folk og få koma seg rundt i bygdene og treffa menneska der dei er. -Så får ein ta vegen vidare deretter, avsluttar han.

Me ønskjer Kristian Kyllingstad velkommen som sokneprest i Vats, Skjold og Vikebygd.

slekt på Aursland i Våg (sjølv er ho frå Lofoten, og syster hennar er gift med ein frå Aursland). Det er vår tilknyting til området pr. i dag og me

## Endeleg Søndag

Av Synnøve W. Stødle

**Endeleg Søndag er blitt namnet på samlingane som er på Kårhus bedehus kl. 11, ca. ein søndag i månaden når det ikkje er gudstene-neste i kyrkja eller G-17 i Skjold. Dette arbeidet er tenkt skal fortsetje i Arken, det nye bedehuset/soknehuset når det blir ferdig.**

Samtidig er det Superkids (eit søndagskuleopplegg) for borna. Dei samlast på loftet før andakten startar. Frå 5. kl. og oppover kallast dei

Superhjelperar, dei får utdelte gule t-skjorter som dei kan ha på seg. Oppgåva deira er å hjelpe dei yngste, men har og sitt eige opplegg med ein liten andakt, leik og aktivitetar.

Først samlast alle i storesalen nede, og me startar med lovsong og musikk. Gode talarar blir inviterte til å ha andakt for oss med forkynning av Guds ord.

Samlingane sluttar av med mat og prat, - kaffikos og litt å bita i. Nokre gonger blir det og servert varm-mat. For å dekke utgifter til arbeidet blir

det teke opp kollekt på møta.

Hjarteleg velkomme til Endeleg Søndag! Familiar, unge og eldre, anten du bur i Vats eller andre bygder. Til nå har me vore samla ca. 40 - 50 stk, og tilbakemeldingane er gode! Søndag 9. des. blir det familiemøte med graut.

Vårsemesteret er klart, du kan setje av desse søndagane: 20. januar, 17. februar, 17. mars, 14. april, 12. mai og 9. juni.

Meir opplysningar - kontakt: Turid Dahl Stokland, tlf 94153741 eller Frode Eike, tlf 98286816

## Kryssord (Bokmål)



### VASSRETT:

1. Hovedstad
6. Frukt
9. Per Arnesen
10. En Bye
11. Norge
12. Først
13. På tå
15. Landet
17. Jentenavn
19. Jentenavn
20. Stillhet

### LODDRETT:

1. Land
2. Bilmerke
3. Fritiden
4. Tre
5. Jentenavn
6. Hermer
7. Kommune i sør
8. En Brockstedt
14. Utflukt
16. Kåre Norås
18. Norge

**VOICE OF JOY.**  
**Julekonsert**  
KOPERVIK KIRKE 13. DESEMBER  
SKJOLD KIRKJE 18. DESEMBER  
BREMNES KIRKJE 19. DESEMBER  
Billetter i salg nå!



Flinke konfirmanter; Sebastian og Tobias lagar juleutstilling på bruktbutikken i Ølen. (Foto: Per S. Bukkholm)

# Ny sokneprest i Imsland, Sandeid og Vikedal

Av Andreas Andreassen,  
soknerådsleiar Vikedal

**Sokneprest Harald Eintveit** går av med pensjon til nyttår, og **Tsegayesus Hurisa Hunde** er tilsett som ny sokneprest i sokna i indre del av kommunen. Han blir innsett i tenesta ved gudsteneste i Sandeid kyrkje søndag 20. januar, ved prost Rune Steensnæs Engedal. Kyrkjelydane si avskilsgudstene ste for Harald Eintveit blir i Vikedal kyrkje søndag 30.12.

Tsegayesus Hurisa Hunde er fødd i 1973, og er opprinnelig fra Etiopia. Han er gift og har tre born på sju, fem og eitt år. Hunde tok teologisk utdanning i sitt opprinnelige heimland og arbeidde i mange år som evangelist i den Etiopisk Lutherske kyrkja. Til Norge flytta han i 2002 og har tatt teologisk utdanning ved Misjonshøgskulen og Menighetsfakultetet. Han vart ordinert som prest i Den norske kyrkja i 2015. Etter ordinasjonen arbeidde han som kapellan i Øksnes kommune i Vesterålen, før han altså nå har tatt imot stillinga som sokneprest i Imsland, Sandeid og Vikedal sokn.



Tsegayesus Hurisa Hunde.

Hunde beskriv seg sjølv som samarbeidsperson, arbeidsvillig, tenestevillig og fleksibel, og nåverande kollegaer seier han har eit smittande godt humør, og er ein optimistisk, sosial og entusiastisk person. Hunde ser fram til

å samarbeida med frivillige medarbeidrar og sokneråd i eit godt arbeidsmiljø.

Me ønskjer Tsegayesus Hurisa Hunde og familien hans hjartelig velkommen til sokna våre.



Linnea Rønnevik - Imsland - 6kl



Tilda Håheim, Sandeid - 4 kl.



LUNDENESET VGS  
- en kristen internatskole i Ølensvåg

**Vi tilbyr**

- Medieproduksjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på [www.lvs.no](http://www.lvs.no)



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12





Vikebygd Landhandel AS  
Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net



GRANBERG  
GARVERI<sup>AS</sup>  
Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg  
Tlf. 52 76 50 00 [www.granberggarveri.no](http://www.granberggarveri.no)

**Julekonsert i Vikebygd kyrkje**  
**8.desember kl. 16:00**  
Flinke lokale folk, overskott til Kirkens bymisjon Haugalandet.

«Velsigna du dag over fjordan  
Velsigna du lys over land  
Velsigna de evige ordan om håp og ei utstrakt hand  
Verg dette lille du gav oss den dagen du fløtta oss hit  
Så vi kjenne du aldri vil la oss forkomme i armod og slit»

Desse orda er henta frå Nordnorsk Julesalme av diktaren Trygve Hoff, det er ein av julesongane du får høre om du tek turen

til Vikebygd kyrkje laurdag 8.desember kl 16. Julekonserten i desember er blitt ein tradisjon mange set pris på, overskotet frå konserten går til Kirkens Bymisjon Haugalandet, som kan glede dei som ikkje gler seg til jul. Det blir julekonsert i år også, ein julekonsert utan kjendisar, men med utøvarar frå vår eiga bygd. Anten er dei fødde i bygda vår, eller så bur dei i bygda vår. Begge deler er kjekt! Desse blir med: Dan Bergman, Sunniva Tveit Gregersen, Iselin Eidhammar Tveit, Arne Tveit, Cathrine Hamre Tindeland, Sandra Bjørnseth Sælemyr, Tonje Bjerga, Lene Bjerga, Jone Bjerga, Lina Fisk Eide, Vegard Skartland; Caroline Bjørnevik, Tina Larsen, Even Larsen og Vennekoret. Me avsluttar konserten med å reise oss og syngja «Fred over Jorden, Menneske Fryd deg, oss er ein evig Frelsar fødd!»

## GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

## Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90  
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

## Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no) 

## STELL AV GRAVPLASSER

Kontakt Avdeling Vepro  
Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60



## Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www.olenbetong.no)

## Støtt kyrkjebladet Hyrdingen med ei annonse.

Kontakt redaktøren, tlf. 908 73 170  
For bladpengar og støttegåve: VIPPS: 53 14 72

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

# MØTE OG ARRANGEMENT

Dato	Kyrkje	Tid	Informasjon	Preiketekst
09.12.2018	Sandeid kyrkje	11.00	Høgmesse, Takkoffer	Joh 16,21-24
09.12.2018	Vikebygd kyrkje	17.00	Lysmesse, Takkoffer	Joh 16,21-24
09.12.2018	Skjold kyrkje	19.00	Lysmesse, Takkoffer	Joh 16,21-24
16.12.2018	Vikedal kyrkje	11.00	Høgmesse, Takkoffer	Joh 5,31-36
16.12.2018	Ølen kyrkje	17.00	Lysmesse, Takkoffer	Joh 5,31-36
24.12.2018	Imsland kyrkje	12.30	Familiegudsteneste, Takkoffer	Luk 2,1-20
24.12.2018	Bjøa kyrkje	13.30	Familiegudsteneste, Takkoffer	Luk 2,1-20
24.12.2018	Sandeid kyrkje	14.30	Familiegudsteneste, Takkoffer	Luk 2,1-20
24.12.2018	Skjold kyrkje	14.30	Familiegudsteneste, Takkoffer	Luk 2,1-20
24.12.2018	Ølen kyrkje	15.00	Familiegudsteneste, Takkoffer	Luk 2,1-20
24.12.2018	Vats kyrkje	16.00	Familiegudsteneste, Takkoffer	Luk 2,1-20
24.12.2018	Vikedal kyrkje	16.00	Familiegudsteneste, Takkoffer	Luk 2,1-20
24.12.2018	Vikebygd kyrkje	16.00	Familiegudsteneste, Takkoffer	Luk 2,1-20
24.12.2018	Ølen kyrkje	16.15	Familiegudsteneste, Takkoffer	Luk 2,1-20
25.12.2018	Imsland kyrkje	11.00	Høytidsgudsteneste, Takkoffer	Joh 1,1-14
25.12.2018	Ølen kyrkje	12.00	Høytidsgudsteneste, Takkoffer	Joh 1,1-14
25.12.2018	Skjold kyrkje	12.00	Høytidsgudsteneste, Takkoffer	Joh 1,1-14
26.12.2018	Vats kyrkje	11.00	Høytidsgudsteneste, Takkoffer	Joh 1,1-14
30.12.2018	Vikedal kyrkje	11.00	Høgmesse, Avskilsgudsteneste for sokneprest Harald Eintveit, Takkoffer	Luk 2,25-35
30.12.2018	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 2,25-35
30.12.2018	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 2,25-35
31.12.2018	Vats kyrkje	23.00	Kveldsgudsteneste, Takkoffer	Matt 11,25-30
01.01.2019	Sandeid kyrkje	11.00	Høgmesse, Takkoffer	Matt 18,19-20
06.01.2019	Skjold kyrkje	11.00	Familiegudsteneste, Bibel 5. kl, Takkoffer	Joh 12,42-47
06.01.2019	Imsland kyrkje	11.00	Familiegudsteneste. Utdeling av Konfirmantbibelen til 11-åringane, Takkoffer	Joh 12,42-47
13.01.2019	Vikedal kyrkje	11.00	Familiegudsteneste, Utdeling av Konfirmantbibelen, Takkoffer	Joh 1,29-34
13.01.2019	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer	Joh 1,29-34
13.01.2019	Vats kyrkje	11.00	Bibel 5. kl, Familiegudsteneste, Takkoffer	Joh 1,29-34
20.01.2019	Vikebygd kyrkje	11.00	Bibel 5. kl, Familiegudsteneste, Takkoffer	Joh 1,15-18
20.01.2019	Sandeid kyrkje	11.00	Innsetjing av sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde ved prost Rune Steensnæs Engedal. Familiegudsteneste. Utdeling av Konfirmantbibelen, Takkoffer.	Joh 1,15-18
20.01.2019	Ølen kyrkje	16.00	Familiegudsteneste i samarbeid med Show It. Kafé på Kyrkjetunet etter gudstenesta, Takkoffer	Joh 1,15-18
27.01.2019	Imsland kyrkje	11.00	Høgmesse, Takkoffer	Ordsp 14, 21-22.25.31
27.01.2019	Brandøy	11.00	Familiegudsteneste på 5.-klassleiren. Kyrkjekaffi på Brandøy, Takkoffer	Ordsp 14, 21-22.25.31
27.01.2019	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer	Ordsp 14, 21-22.25.31
03.02.2019	Vikedal kyrkje	11.00	Høgmesse, Takkoffer	Joh 5,1-15
03.02.2019	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer	Joh 5,1-15
03.02.2019	Ølen kyrkje	11.00	Misjonshelg NMS, Gudsteneste, Takkoffer	Joh 5,1-15
10.02.2019	Sandeid kyrkje	11.00	Høgmesse, Takkoffer	Mark 13, 21-27
10.02.2019	Skjold kyrkje	17.00	G 17 - Gudsteneste, Takkoffer	Mark 13, 21-27
17.02.2019	Imsland kyrkje	11.00	Høgmesse, Kyrkjelydens årsmøte etter gudstenesta. Kyrkjekaffi, Takkoffer	Matt 13,24-30

**"Lat oss ikke halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast"** (Hebr. 10,25)

## FRÅ KYRKJEBOKA

	Døpte	Vigde	Døde
Bjøa			06.10.18 Bernhard Vaka f. 1928 13.10.18 Henry Gundersen f. 1937 10.11.18 Håvard Eikehaugen f. 1984
Imsland			17.10.18 Ole Skogen f.192 23.10.18 Holger Krokedal f. 1934
Ølen			03.11.18 Harald Johannes Heggebø f.1929
Skjold	11.11.18 Noah Sætre Kvinnesland		02.10.18 Marta Emilie Håkull f. 1927 16.10.18 Gunn Johanne Eikevik f. 1953
Sandeid	28.10.18 Sasha Haugland 28.10.18 Jan Reidar Skeie Bjørkhaug 28.10.18 Milo Simlenes		
Vats	04.11.18 Selma Haraldseid		19.10.18 Marta Karina Åsen f. 1934 21.10.18 Marta Karoline Aursland f. 1923
Vikedal	Ingen hendelser.		
Vikebygd	18.11.18 Viljar André Sælemyr Skartland 18.11.18 Levi Kalstveit Haraldseid		

## Kyrkjetunet i Ølen - kyrkjetunet.no

06.12.	torsdag	11:00	Torsdagstreff
06.12.	torsdag	17:30	Internasjonal treffpunkt
07.12.	fredag	17:00	Barnekor
07.12.	fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse
07.12.	fredag	19:30	Bøn og lovsang - Fellesskap på tvers
10.12.	mandag	16:00	Krøllekveld for 2-åringar
12.12.	onsdag	19:00	Alpha-kurs
13.12.	torsdag	17:30	Internasjonal treffpunkt
14.12.	fredag	19:30	Credo - ungdomskveld
19.12.	onsdag	19:30	Bønemøte
2019			
02.01.	onsdag	19:30	Bønemøte
03.01.	torsdag	17:30	Internasjonal treffpunkt
04.01.	fredag	17:00	Barnekor
04.01.	fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse
04.01.	fredag	19:30	Credo - ungdomskveld
06.01.	søndag	17:00	Nyttårsfest for heile familien
09.01.	onsdag	19:30	Alpha-kurs
10.01.	torsdag	17:30	Internasjonal treffpunkt
10.01.	torsdag	19:30	Sangmøte
16.01.	onsdag	19:30	Bønemøte
18.01.	fredag	17:00	Barnekor
18.01.	fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse
18.01.	fredag	19:30	Bøn og lovsang - Fellesskap på tvers
23.01.	onsdag	19:30	Bønemøte
25.-26.01.	fre-lør		Alpha-weekend
27.01.	søndag	16:00	Showlt
30.01.	onsdag	19:30	Bønemøte
01.02.	fredag	17:00	Barnekor
01.02.	fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse
01.02.	fredag	19:30	Credo - ungdomskveld
01.-03.02.	fre-søn		NMS-helg
06.02.	onsdag	19:30	Alpha-kurs
13.02.	onsdag	19:30	Bønemøte
15.02.	fredag	17:00	Barnekor
15.02.	fredag	18:00	Klubben 4.-7. klasse
15.02.	fredag	19:30	Bøn og lovsang - Fellesskap på tvers
17.02.	søndag	16:00	Showlt

## Bedehusa i Skjold

9.12. sundag	10:00	Ersland: Søndagsskulefrukost
27.12. torsdag	18:00	Austrheim: Juletrefest
27.12. torsdag	18:00	Ersland: Juletrefest
22.1 tysdag		Isvik: Indre Sjømannsmisjon
29.1 tysdag		Ersland: NMS Misjonsselskapet
5.2 tysdag		Austrheim: NLM Misjonssamband
12.2 tysdag		Isvik: Godt Nytt (bibelspreiing)
19.2 tysdag		Ersland: Normisjon

## Bedehusa i Vats

8.12. laurdag	12:00	Kårhus bedehus: Juleverkstad
9.12. søndag	11:00	Kårhus bedehus: "Endeleg søndag"
12.12. onsdag	19:30	Blikrabygda bedehus: Muslimmisjonen
9.1. onsdag	19:30	Øvre Vats bedehus: NMS
12.1. laurdag	18:00	Øvre Vats bedehus: Nyttårsfest
16.1. onsdag	19:30	Blikrabygda bedehus: NLM
23.1. onsdag	19:30	Kårhus bedehus: Indre Sjø
30.1. onsdag	19:30	Øvre Vats bedehus: Normisjon
4.2. mandag	19:00	Kårhus bedehus: Årsmøte for Arken
6.2. onsdag	19:30	Blikrabygda bedehus: NMS
13.2. onsdag	19:30	Øvre Vats bedehus: Blå Kors
18.2. mandag	19:30	Årsmøte for Kårhus bedehus

## Vikebygd bedehus

29.12. laurdag	16:00	Juletrefest for alle


<tbl\_r cells="3" ix="2" maxcspan="1" maxrspan="1" usedcols="

# Barne- og familiebasar på Kyrkjetunet



Av Hanne H. Brekke

NMS Kvinneforening heldt barne- og familiebasar på Kyrkjetunet i Ølen 2. november. Vindafjord Soul Children fekk det til å svinga med

glad song og musikk på sin aller første opptreden sidan oppstarten. Foreningsdamene formidla ord om Jesus og livet både med skodespel og intervju med Anne Marie Reimers, før sistnemnde fortalte frå prosjek-

tet ho driv på Madagaskar. Det vart både kake og kaffi, og mange ivrige hender i veret under åresalet, før det avsluttande lynlotteriet sørga for at alle ungane fekk ein söt gevinst med seg heim.



Lisbeth Bjerga - Vikedal - 3kl



Serine Haraldseid - Vats - 4kl

**Åndaktstelen**  
**380 91 700**

Åpent hele døgnet!  
Ny åndakt tirsdag og fredag

Tjenesten er gratis

**Korleis har du det...  
EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med  
når livet er som verst

SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)

**SOS-melding:** [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

**Kirkens SOS**  
22 40 00 40

Neste nummer av Hyrdingen  
kjem ut 14. februar.  
Frist for levering av stoff er  
19. januar.